



Sak nr 37/2012


Møtedato: 7.11.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S847

S847, Kvålsstølen – søknad om tilleggsareal

Knut Storhaug søker om to tilleggsareal ved stølen på Kvålsstølen. Arealet ligg mellom S847 og vegen til Bjørndhøvd og Panoramavegen. Arealet på tilleggsjorda er ca 18 daa og er vist på vedlagt kart. Inngjerda areal på stølen er frå før på 29 daa.



Storhaug driv i dag med kjøttproduksjon og landbrukskontoret opplyser at han har 37 storfe. Han skriv i søknaden at han har vurderar å setja oppatt eit fjøs og starte med mjølkeproduksjon med foredling på stølen. Fjellstyret legg eksisterande drift til grunn for søknaden. Søkjaren opplyser at arealet mellom eksisterande stølsjorde og Bjørndhøvdvegen skal dyrkast opp og resten skal brukast til beite.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av beite/tilleggsjord etter at kommunen og Statskog har hatt saka til uttale. Statskog SF avgjer søknader om inngjerding etter tilråding frå fjellstyret.

I sak 28/2012 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn og oversender søknaden til kommunen og Statskog til uttale.*

Statskog har i brev datert 17.7.12 gjeve følgjande uttale:

Statskog er positive til søknaden og tilrår fjellstyre å utvise areal til beite og dyrking. Søker må sørge for kommunal tillatelse til nydyrking.

Siden arealene er fordelt på hver sin side av stølen og at bruken er forskjellig vil det være nødvendig og rekvirere oppmåling på to arealer. Dette er også noe som matrikkelloven krever. Fjellstyre må deretter utarbeide to utvisningsforretninger; en til hver parsell, der formålet er beite og tilleggsjord/dyrkingsparsell.

De kommunale kostnadene ved oppmåling og tildeling av festenummer må søker selv betale.

Statskog skal jf seterforskriften § 20, femte ledd, avgjøre om det skal gis tillatelse til å sette opp gjerde. Vi gir med dette grunneiers tillatelse til å sette opp flettverksgjerde. Grunder og lé skal være fjernet eller stå oppe i vinterhalvåret.

Kommunen har i e-post datert 14.8.12 gjeve følgjande uttale: *Etter å ha vært på synfaring den 13.08.2012 har landbruksforvaltninga i Vestre Slidre kommune ingen merknader til søknaden om tileggjord på 18 da. for Knut Storhaug på Kvålsstølen. Det går ikkje fram av uttale frå kommunen om søknaden er behandla etter nydyrkingsforskriften og det må søkjaren avklare før oppdyrking.*

Det har ikkje kome merknader til saka ved offentleg ettersyn.

Fjellstyret er pålagt å vurdere dei miljørettslige prinsippa etter §§ 8 og 12 i naturmangfaldloven og fjellstyret ser ikkje at aktuell utvising er i strid med naturmangfaldloven.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å vise ut det omsøkte areal mellom S847 og vegen til Bjødnhøvd som tilleggsjord etter §11 i stølsforskrift og arealet mellom S847 som beiteutvising etter §5 i stølsforskrift.

Einstemmig vedteke.

Klagerett over vedtak gjort etter §5:

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Klagerett over vedtak gjort etter §11:

Tvist om utvising eller utleige av tilleggsjord som vil føre til vesentleg skade for bruksrettar, blir avgjort ved skjøn. Skjøn må krevjast innan tre veker etter at den som krev skjøn fekk kunnskap om tiltaket eller avtala. Dei delar av eit vedtak om utvising av tilleggsjord som ikkje blir avgjort ved skjøn, kan klagast over, jf. §28 i forvaltningsloven. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Storhaug
Vestre Slidre kommune
Statskog